



# ÅRSMØTE 2023

29. mars kl. 13.00

Straume innbyggjartorg og bibliotek

## **Sak 1: Opning**

Opning ved leiar

## **Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Årsmøtet vart kunngjort 28.02.2023 på Treff+ si Facebookside, samt på heimesida til kommunen. Årsmøte vart også kunngjort i annonser i dei tre kyrkjeblada i november og desember 2022.

Saksdokumenta vart ferdige 17.03.23, og gjort tilgjengelege på heimesida til kommunen og med lenke til denne på Treff+ si Facebookside. Papirformat var tilgjengeleg på alle tre innbyggjartorga og biblioteka, samt ved opning av årsmøtet.

### **Dagsorden for årsmøte i Treff+ 2023:**

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap og revisor-rapport.
6. Innkomne forslag.
7. Handlingsplan for komande år.
8. Budsjett
9. Val av styreleiar
10. Val av styremedlemmar
11. Val av revisor og tre medlemmar til valkomité.
12. Avslutning

### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og dagsorden vert godkjende.

## **Sak 3: Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen**

Framlegg til vedtak:

Framlegg til møteleiar: Berit Anita Knudtsen Larsen

Framlegg til referent: Unni Sørensen

Til å underskrive protokollen: -----(framlegg på to frå salen)

Vedtak:

#### **Sak 4: Årsmelding frå styret**

##### **1. januar – 31. desember 2022.**

### **Organisasjonens bakgrunn og formål**

Treff+ er eit ope kultur- og handletilbod med aktivitet sidan 28. mai 2015. Treff+ var stifta som eigen organisasjon 30. september 2020, og registrert i Brønnøysundregisteret 29. oktober 2020.

Treff+ er eit samarbeid mellom Øygarden kommune, Sartor Storsenter, Sund senter og Rong senter. Treff+ samarbeider med Aktiv+ og liknande frivillige organisasjonar.

Foreininga har som føremål å tilby aktivitetar for kommunens seniorar, som skal gi auka livskvalitet og demme opp for einsemd.

### **Styret**

Berit Anita Knudtsen Larsen, styreleiar og mellombels kasserar. Styremedlemmar: Thomas Skålnes (Sartor Storsenter), Lia Strohmeier (Match), Rune Erichsen og Ann Margreth Trellevik (Sund senter), Marita Solsvik Solås og Vigdis James (Rong senter) og Unni Sørensen (Øygarden kommune).

Varamedlem: Beate Sommerbakk , Emil (til slutten av oktober 2022)

Det har vore 5 styremøte i 2022.

Treff+ har eige Facebookgruppe, Øygarden Treff+, med Rune Erichsen som administrator.

Treff+ har hatt annonse i dei tre kyrkjeblada om aktivitet for vinter 2022 og vår 2023.

### **Medlemstal og medlemskort**

Treff+ rabatt- og medlemskort for 2021/22 vart delt ut i samarbeid med innbyggjartorga.

Medlemskort for 2023 vart trykt opp og delt ut på juleavslutningane i 2022. Det har vore ei dobling i talet på medlemmar frå 2021 til 2022. Ved årskiftet hadde Treff+ 69 medlemmar, ein auke på 36 frå året før.

### **Økonomi**

Øygarden kommune løyver årleg 25 000 kroner til Treff+, til glede for våre seniorar i kommunen, noko styret set stor pris på. Økonomien i Treff+ har i 2022 vore tilfredsstillande ut frå aktivitetsnivået. Det vert vist til sak 5 rekneskap og sak 8 budsjett 2023.

### **Aktivitetar**

Starten på 2022 var prega av lågare aktivitet grunna koronaen. Aktiviteten tok seg opp etter påske.

Vi har gjennomført følgjande:

- Datakurs (grunnkurs) for seniorar i samarbeid med Harddisk og alle tre sentera, frå 15. september til 10. november. Datakurs varte frå klokka 10-15 og deltakarane fekk

servert te og kaffi. Totalt deltok 50 seniorar. 1. desember var det oppfriskingskurs med ti deltakarar. Kurset var gratis og vart dekket av tilskot frå Øygarden kommune. Personvern var prioritert og godt ivareteke av profesjonelle instruktørar. Tilbakemeldingane har vore særst gode. Styret håpar at dette kan gjennomførast også i 2023.

### Dataopplæring for seniorar

Dette er eit grunnkurs for personar med ingen eller liten datakunnskap. På kurset vil du læra å bruka nyttige digitale offentlege tenester, videomøter, samt bestilla heimlevering av mat og andre varer.



**Dato | Tid | Stad**

Dataopplæring vert vidare i haust berre gitt på innbyggartorget og biblioteket på Sartor Storsenter på desse datoane:

Torsdagar kl. 10.00 - 15.00  
Datoar: 15.09, 29.09, 06.10, 20.10, 27.10, 03.11 og 10.11.

Oppfriskingskurs med tema basert på tilbakemeldingar frå deltakarar på grunnkurset.  
Torsdag 1. desember kl. 10.00 – 13.00.

Grunna manglande påmelding går dei oppsette kursa på innbyggartorga og biblioteka på Skogskiftet og Rong ut. Det er framleis ledige plassar på Straume.



- I tidsrommet 20. oktober til 3. november vart det sendt ut ei undersøking blant frivillige lag og organisasjonar i Øygarden kommune. Undersøkinga var laga og sendt ut av Frivillig Norge. Styreleiar mottok denne på e-post og svara på vegne av Treff+.
- Litterær matpakke var eit populært tiltak på innbyggjartorg og bibliotek siste torsdag kvar månad på Sundsenteret og Sartor Storsenter.
- Vellukka moteshow på Rong med 7 spreke mannekengar den 7. desember 2022. Det møtte opp kring 40 moteinteresserte seniorar og ein «bukett» med barnehagebarn.



- Juleavslutningar vart arrangerte 7. desember på Rong senter, 8. desember på Sartor storsenter og 14. desember på Sund-senteret. Det vart også i år delt ut juleblomar til alle oppmøtte frå dei lokale blomebutikkane, kaffi og noko å bite i og trekkspelmusikk frå Seniorskameratane. Det var 15 små julestjerner/eldtopper til overs, som det var ei glede å levere til Straume Bu- og Servicesenter.



## Avslutning

Styret i Treff+ er takksame for det gode samarbeidet mellom Øygarden kommune, Sartor Storsenter, Rong senter og Sundsenter. Styret takkar også for godt samarbeid med Harddisk på Sartor Storsenter for datakurs og Bricks på Rong senter for moteshow og mannekengar.

Styret har som ønskje for 2023 at vi kan tilby fast transport til våre aktivitetar. Transport er avgjerande for at aktivitetane til Treff+ skal lukkast.

Styret, 14. mars 2023

Berit Anita Knudtsen Larsen (leiar) (s)    Thomas Skålnes (s)

Vigdis James (s)

Rune Erichsen (s)

Marita Solsvik Solås (s)

Lia Strohmeier(s)

Ann Margreth Trellevik (s)

Beate Sommerbakk (s)

Unni Sørensen (s)

**Framlegg til vedtak:** Årsmeldinga vert godkjend


**Sak 5: Rekneskap og revisor-rapport**


### TREFF+ REGNSKAP 2022

| Inntekter                                       |  |  |  | 2022              |
|---|--|--|--|-------------------|
| Saldo banken pr 31/12/21                        |  |  |  | 38398,00 ✓        |
| Kommunalt tilkudd 2022                          |  |  |  | 25000,00 ✓        |
| <b>Sum inntekter</b>                            |  |  |  | <b>63398,00</b> ✓ |
| UTGIFTER  |  |  |  | 2022              |
| Bankkostnader                                   |  |  |  | 46,50 ✓           |
| Administrasjon/styremøter                       |  |  |  | 1855,00 ✓         |
| Britts kopi, Treff+ kort/klistermerker          |  |  |  | 925,00 ✓          |
| Gaver: 2 gikk ut av styre og en jublant         |  |  |  | 1395,00 ✓         |
| Juleavslutning 7,8,14 desember på de 3 sentrene |  |  |  | 28638,00 ✓        |
| <b>Sum utgifter</b>                             |  |  |  | <b>32859,50</b> ✓ |
| <b>Driftsresultat</b>                           |  |  |  | <b>30538,50</b> ✓ |


### REVISORS BERETNING

STRUKT 31/12-2022

  
KJELL BERGEBSEN  
REVISOR

  
Bent Arnt Snudbe LARSEN  
Styreleder.

REGNSKAP REVISERT OG FUNNET HELT I ORDEN.

31/12 2022  
  
REVISOR

**Framlegg til vedtak:** Rekneskap vert godkjend

#### Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker

Framlegg frå styreleiar om endring i vedtektene §7 Årsmøte sine oppgåver, underpunkt:  
Årsmøte skal velja

- styremedlemmar

For at ikkje heile styret skal gå ut samtidig, bør valperioden vere på to år og slik at om lag halve styret vert valde kvart år.

**Framlegg til vedtak:**

- Velja
  - leiar vert vald for eitt år
  - nestleiar og styremedlemmar vert som hovudregel valde for to år

-Varamedlemmar vert valde for eitt år

-Revisor vert vald for eitt år

For å komme inn i ein rutine med val av om lag halve styret kvart år, må om lag halvparten av styremedlemmane i 2023 veljast for to år og den andre halvparten for eitt år.

## **Sak 7: Handlingsplan for 2023**

### **Datakurs:**

Vi startar opp med fire datakurs i mars/april for vidarekomne seniorar om tryggleik på nettet: Ikkje lat deg lura! Vi jobbar for å få nye grunnkurs til hausten.

### **Demenskor og allsong – nye tiltak:**

Treff+ tek ansvar for å vidareføre initiativet med oppstart av demenskor etter påske. I samband med korøvingane blir det sosialt samvær med kaffi og noko attåt (Memento) for deltakarane og pårørande. I tillegg tek Treff+ også ansvar for tiltaket Allsong på Odeon Kino Sotra, som startar opp 30. mars. Dette er eit lågterskeltilbod til seniorar i kommunen om å kome saman og syngje i lag ein gong i veka. Begge tiltaka vil halde til på Odeon Kino Sotra. Sjå eige budsjett for demenskor og Allsong.

### **Andre aktivitetar:**

Treff+ planlegg å satse vidare på moteshow, litterær matpakke og juleavslutningar. Det vil også vere aktuelt å vurdere andre tiltak og aktivitetar som støttar opp om føremålet til Treff+.

### **Framlegg til vedtak.**

1. Årsmøtet godkjenner handlingsplanen, og gir styret fullmakt til å gjennomføre eventuelle endringar for 2023/24.

**Sak 8: Budsjett 2023**

|  |                 |  |                  |                 |
|--|-----------------|--|------------------|-----------------|
| Bankkonto pr 31/12/22                  |                 |  | 30538,50         |                 |
| Gavekort ubrukt i år 2022              |                 |  | 1500,00          |                 |
| Kommunalt tilskudd år 2023             |                 |  | 25000,00         |                 |
|  |                 |  |                  |                 |
| Administrasjon, styre                  |                 |  |                  | 1500,00         |
| evt. 3 Videregående datakurs/sikkerhet |                 |  |                  |                 |
| minus egenandel på 300,-pr             |                 |  |                  |                 |
| kursdeltaker                           |                 |  |                  | 13350,00        |
| Moteshow -Sartor og Rong               |                 |  |                  | 10000,00        |
| Høst åpning av Treff+ og kommunevalg   |                 |  |                  | 1500,00         |
| Ulike aktiviteter på våre 3            |                 |  |                  |                 |
| sentre(Rong,Sund og Sartor(gavekort    |                 |  |                  |                 |
| 1250,+105)                             |                 |  |                  | 26198,00        |
| Medlemskort 2023                       |                 |  |                  | 880,00          |
|  |                 |  |                  |                 |
|  |                 |  | <b>57038,50</b>  | <b>53428,00</b> |
|  |                 |  |                  |                 |
|  |                 |  |                  |                 |
| <b>Budsjettbalanse</b>                 |                 |  |                  |                 |
| <i>Debet</i>                           |                 |  | <i>Kredit</i>    |                 |
| <b>Inntekter</b>                       | 57038,50        |  | <b>Utgifter</b>  | 53428,00        |
|  |                 |  | <b>overskudd</b> | 3610,50         |
|  |                 |  |                  |                 |
| <b>Sum</b>                             | <b>57038,50</b> |  |                  | <b>57038,50</b> |

**Framlegg til vedtak:** Budsjettet vert godkjent.



## Budsjett for Demenskor og Allsong 2023

| 2023                       | Memento+ | Allsong+ | Totalt  |
|----------------------------|----------|----------|---------|
| Inntekter                  | 220 000  | 330 000  | 550 000 |
| Dirigenter                 | 100 000  | 100 000  | 200 000 |
| Musikere                   | 50 000   | 50 000   | 100 000 |
| Transport                  | 25 000   | 75 000   | 100 000 |
| Medlemsavgift korforbundet | 20 000   | 30 000   | 50 000  |
| Andre driftskostnader      | 25 000   | 75 000   | 100 000 |
| Resultat                   | -        | -        | -       |
| 2024                       | Memento+ | Allsong+ | Totalt  |
| Inntekter                  | 320 000  | 480 000  | 800 000 |
| Dirigenter                 | 150 000  | 150 000  | 300 000 |
| Musikere                   | 50 000   | 50 000   | 100 000 |
| Transport                  | 50 000   | 150 000  | 200 000 |
| Medlemsavgift korforbundet | 20 000   | 30 000   | 50 000  |
| Andre driftskostnader      | 50 000   | 100 000  | 150 000 |
| Resultat                   | -        | -        | -       |

## Budsjett 2023 og 2024

Det er ein føresetnad for gjennomføring av Demenskor og Allsong på Odeon Sotra Kino at det kan skaffast nok inntekter til begge tiltaka ved støtte frå næringslivet, det offentlege og andre.

**Framlegg til vedtak:** Budsjett for Demenskor og Allsong for 2023 vert godkjent.

### Innstilling frå valnemnda

Berit Anita Knudtsen Larsen og Unni Sørensen har etter ønskje frå styret fungert som valkomite ettersom Treff+ hadde sitt første årsmøte i 2022 og det ikkje har vore val av valkomité tidlegare. Innstillinga frå valnemnda:

### Sak 9: Val av styreleiar

#### Innstilling frå valnemnda

Som leiar innstillast: Berit Anita Knudtsen Larsen for eitt år.

### Sak 10: Val av styremedlemmar og varamedlem

Styremedlem: Rune Erichsen, Sundsenteret

Styremedlem: Marita Torsvik Solås, Rong senter

Styremedlem: Vigdis James, Treff+ Rong

Styremedlem: Thomas Skålnes, Sartor senter

Styremedlem: Lia Strohmeier, Match Sartor Storsenter

Styremedlem: Unni Sørensen, Øygarden kommune

Varamedlem: Kari Waage, Lindex Sartor Storsenter

**Sak 11: Val av revisor og to medlemmar til valkomité.**

**Revisor:**

Framlegg til vedtak: Kjell Bergesen vert vald til revisor for eitt år.

Framlegg til to medlemmar i valkomitéen for neste år:

.....

**Framlegg til vedtak:**

Valkomitéeen si innstilling vert godkjend.

**Sak 12: Avslutning ved leiar**

Rong, 20.03.23